

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland Fylkeskommune meiner at konsekvensane av innføring av forskrifta i liten grad er vurdert. Blant anna er det ikkje vurdert kor store kutt i klimagassutslepp ein forventar i forhold til kostnad og andre klimatiltak. Fylkeskommunen meiner at forskrifta vil få store negative konsekvensar for både økonomi, tenestetilbod, verdiskaping og arbeidsplassar, og at det er urealistisk å innføre ei slik forskrift på kort sikt.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, MDG, V fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland fylkeskommune meiner at kravet til nullutslepp for bybussar først frå 2025 er for seint, og ikkje er i tråd med dagens marknadssituasjon eller teknologiske utvikling. Nullutsleppsbussar er i dag hyllevare til ein konkurransedyktig pris, noko anbodet for bussane Bergen sentrum viste i 2018/2019. Anbodet leverte både på nullutslepp og pris. Forskrifta bør derfor stille dette kravet allereie frå 2022 for nye kontraktar.»

## Avrøyting

Framnes sitt forslag fekk 3 røyster (FRP, UA) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 3 røyster (FRP, UA).

Hammer sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (FNB, FRP, H, UA).

## Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positive til intensjonen i forskrifta. Forskriftsendringa viser korleis vi kan nå felles klimamål ved å kombinere verkemiddel frå statleg hald med verkemiddel og tiltak hjå t.d. fylkeskommunar.
2. Vestland fylkeskommune forutset ei kompensasjonsordning som dekka auka kostnadene både til materiell og ladeinfrastruktur for bussar.
3. Vestland fylkeskommune peiker på at det kan bli vanskeleg for alle drosjeforetak å levere pr 01.01.2022 dersom fylkeskommunen skal krevje nullutslepp i innkjøp av drosjetenester for skuleskyss, som er omfattande i økonomisk omfang. Det er allereie minkande tilgang på drosjebilar som er tilrettelagde for transport av rullestolbrukarar. Det kan vere behov for at ein i ein periode må nytte dispensasjon frå miljøkravet for å få eigna køyretøy til skuleskyss med drosje.
4. For eigne køyretøy ser Vestland fylkeskommune utfordringar knytt til bruk av bilar i tunnel under driving/på anlegg. For slik bruk vil fylkeskommunen be om unntak.
5. Vestland fylkeskommune meiner at kravet til nullutslepp for bybussar først frå 2025 er for seint, og ikkje er i tråd med dagens marknadssituasjon eller teknologiske utvikling. Nullutsleppsbussar er i dag hyllevare til ein konkurransedyktig pris, noko anbodet for bussane Bergen sentrum viste i 2018/2019. Anbodet leverte både på nullutslepp og pris. Forskrifta bør derfor stille dette kravet allereie frå 2022 for nye kontraktar.
6. Fylkesutvalet vedtek uttalen slik han kjem fram i vedlegg 2.